Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 | Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Tynset og Folldal

Emne: Folkelege musikkinstrument | Bygdelag:

Oppskr. av: Lars J. Streitlien | Gard:

(adresse): Tynset | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein legg eit langt smalt blad, t.d. av byggstrå, mellom tumarsfingrane og bles, da lat det.

2. ukjend

3. Ranglar var ikkje bruka i gamal tid. Ungane skulle få naturleg utvikling utan forstyrrande innverknad av kunstgjorde greider. Tynset og Folldal.

4. Smelldokke (Engsmelli) som ein slo mot handbaken. Klokkeblom, ein stok saman opninga av begeret og slo mot handbaken. Vanleg blåklokke.

Så spytta vi på steinhella, la ei glo oppi og slo til med ein hamar. Da kunne det bli ein bra smell. I stadenfor hamar kunne ein også nytte ein stein.

Ved bryllup var det vanleg å skyte, og meininga var nok at det skulle verne brurfolka mot vonde makter. Gamalt skaut dei inn jula, av same grunn.

5 ukjend.

7276